



Sunnfjord kommune

Føresegner

Plan:	Planid: 4647-20230001
Detaljreguleringsplan Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg	Arkiv nr.: 22/11638
Utarbeidd av:	Dato: 25.10.2023
Norconsult Norge AS	
Siste endring før vedtak: 12.03.2025	
Vedtak: Sak KST-040/25– 27.05.2025	

1. Siktemålet med planen

Planen er tiltaksretta og regulerer veg Øyrane samt legg til rette for etablering/ferdigstilling av gang- og sykkelgang langs køyrevegen mellom Ytre Øyrane og Rv. 5. Naustdalsvegen i Førde.

1.1 Avgrensing av området

Det regulerte området er synt på plankartet med plangrense, datert den 25.10.2023 og godkjent av kommunestyret i Sunnfjord kommune i sak ----/-/, den -----.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.1 Universell utforming

- Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn ved utforming av alle offentleg tilgjengelege samferdsleanlegg.

2.2 Automatisk freda kulturminne (§ 12-7 nr. 6)

- a) Dersom det under anleggsarbeid dukkar opp automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stoppe og utviklingsavdelinga i fylkeskommunen varslast, jf. § 8, 2. leidd i kulturminnelova.

2.3 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

2.3.1 Ureina grunn

- a) Dersom det under anleggsarbeidet vert avdekkja forureina grunn, skal ansvarleg mynde verte varsla, jf. Forurensningsloven §7.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Næring/tenesteyting (BKB) [Rp. 1824]

Areala skal nyttast til næring/tenesteyting inkl. parkering og uteoppahaldsareal, ism. arealbruken og føresegnehene som òg femnar om rekkefølgjeføresegnehene/vilkår i områdereguleringsplan for Ytre Øyrane (planid.: 143220130001).

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a) Alle samferdsleanlegg skal opparbeidast som vist på plankartet. Mindre tilpassingar mellom dei ulike område er tillate, m.a. for optimalisering av veglinja ved detaljprosjektering.
- b) Alle samferdsleanlegga skal opparbeidast med material av god kvalitet og skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg fram.
- c) Tekniske anlegg som gatelys skal vere del av anlegget.
- d) Alle nye kablar skal leiast fram som jordkablar.
- e) Innanfor frisiktlinje/-sonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over plan for tilstøytande gate, jf. til ei kvar tid gjeldande krav i N100.

3.2.2 Køyreveg (SKV) [Rp. 2010]

- a) SKV er gate/køyreveg inkludert kantsteinsklarering/skulder.
- b) SKV er tilkomst til eigedomar og skal opparbeidast med fast dekke.
- c) I overgangen mellom køyreveg og gang-/sykkelveg skal det etablerast fysisk nivåskille i form av kantstein og/eller grøntrabatt.

3.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS) [Rp. 2015]

- a) Offentleg tilgjengeleg gang-/sykkelveg langs veg Øyrane og tilkomst til grøntareala langs Jølstra.
- b) Gang- og sykkelvegegen skal opparbeidast med breidde som synt i plankart, fast dekke og belysning avgrensa til gang-/sykkelvegen med låge stolpar.

3.2.4 Annan veggrunn – grøntareal [Rp. 2019]

- a) Anna veggrunn er offentlege formål og skal nyttast til skjeringar, fyllingar, murar, belysning, grøfter, dreneringsløysingar, kabel- og rørtrasear for teknisk infrastruktur.
- b) Drensgrøfter for vekkleiling av overvatn og snøopplag skal fortrinnsvis opparbeidast som opne grøfter.
- c) Areala er ikkje tillate nyitta til parkering og/eller lagring.
- d) Areal avsett til SVG skal ved ferdigstilling ha ei parkmessig utforming.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Fellesføresegner for fraområde (GF)

- a) Områda GF skal sikre allmenta tilgang til grønstruktur.
- b) Det kan i området ikkje gjerast tiltak på land eller i elv som vil kunne påverke negativt viktige naturtypar og/eller artar.. Vegetasjonsbelte langs elv skal oppretthaldast.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Sikringssone - Frisikt (§ 11-8a) [H140]

- a) Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt minimum 0,5 m over plan for tilstøyande veg/gate. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikt er ikkje tillate. Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, gjeve dei ikkje hindrar fri sikt.

4.1.2 Omsynssone – Flaum (§ 11-8a) [H320]

- a) Faresone H320 er flaumsone ved 200-års stormflo. Ved plassering av tekniske anlegg under kote +2,5 må anlegg etablerast i vasstett konstruksjon eller tåle å stå under vatn.

4.1.3 Omsynssone – Forureining (§ 11-8a) [H390]

- a) Faresone H390 er område med registrert forureining. Før det kan gjevast løyve til tiltak som fell innanfor arealbrukskategorien tenesteyting skal det avklarast om krav i forureiningsforskrifta er i vareteke. Dersom tiltaksretta krav ikkje er ivaretake, skal det utarbeidast tiltaksplan.

5. Føresegnområde

5.1.1. Vilkår for bruk

- a) Innanfor føresegnområde #1 skal det ikkje gjennomførast tiltak som vil gjere vanskeleg etablering av fortau/sykkelveg i samsvar med områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001), detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004) og Concord (plan-id.: 4647-143220170004).
- b) Innanfor føresegnområde #2 skal det ikkje gjennomførast tiltak som er til hinder for utviding av fortau med inntil 0,5 meter langs veg Øyrane.

6. Rekkefølgje/føresetnad for gjennomføring

6.1 Før bruksløyve

6.1.1 Kryss/Samferdsleanlegg

- a) Før bruksløyve vert gjeve for nye bygg skal tiltak på Rv 5 vere sikra i samsvar med trafikkanalyse av 11.01.2018 rapport 616602.
- b) Før bruksløyve vert gjeve for nye bygg skal tilkomstvegane SKV1-SKV5 med fortau/sykkelveg til dei einskilde eigedommane som er regulert i områdereguleringsplan Ytre Øyrane vere sikra opparbeidd. Før tilkomstvegane faktisk er opparbeidd kan bygging likevel skje og bruksløyve gjevast ved bruk av regulerte traséar med anleggsvegstandard.